

Politikartoppane møttes på KV

08.03.2012



2 uskedelingar på plass i formannskapet - Venstres Kjell Yri og høgres Gunn Mari Moberg. Høgres Bjarne Berge og Leif Sverre Enes er dei andre på biletet

No har også det nye formannskapet sett og hørt kva verksemda KV (tidlegare AFA) i Uskedalen syslar med og komunen sine topp-politikarar er framleis like fornøgde. Ein av dei mest tilfredse er nok ordførar Synnøve Solbakken som seier til uskedalen.no at det er ei flott bedrift med ein spanande framtidsplan.

Formannskapet var idag invitert til å bli oppdatert og ordføraren fann det då naturleg at politikarane for ein gongs skuld heldt også det ordinære møtet sitt i Uskedalen. Dagleg leiar Tor Vidar Sæle leia ein halvtimelang synfaring og orienterte i eit kvarter.

Sæle møtte berre velvilje også denne gongen og vart sterkt oppmuntra med omsyn til dei omfattande planane sine. Han streka under trøngen for større produksjonslokal og gjekk igjennom nybygget der grunnarbeidet no ligg litt foran planen.

Det er gjeve rammeløyve for bygget som mellom anna skal ha 9 eller 10 leilegheiter. Her kan kommunen sikra plassar for til dømes neverande og framtidige KV-ansatte. Ein annan interessant del av prosjektet er kafe i det neverande bygget.

I den seinare tid har det også kome opp eit nytt delprosjekt som handlar om oppretting av såkalla avklaringsplassar, 5 i Kviinnherad og 5 i Odda. Desse skal driftast frå ein av kommunane.



Politikarane hadde gode arbeidstilhøve i ei nyutvida og oppussa kantine

Formannskapsmedlemmene var under deler av møtet omkransa av ein stor delegasjon frå Halsnøy som var oppteke av den såkalla Dill-saka.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen